



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 2

FEBRUAR 1980

30. årgang

Dets gåte er et guddomsord

«Vidunderligst av alt på jord er Jesu Kristi rike.»

Slik byrjar ein av våre vakraste salmar, skrive av Grundtvig. Vi lever i ei tid der vi ser Jesu ord fra Mat. 24. stadfest.

«De skal få høyra ufred og tidender om ufred, sjå til at de ikkje vert skræmde! For dette lyt henda, men endå er ikkje enden komen. Folk skal reisa seg imot folk, rike mot rike, og det skal vera uår og jordskjelv kring i landa. Men dette er berre byrjing til føderiene.»

Så følgjer ei skildring i detaljar om alt det vonde som skal hende. Men dette er ikkje slutten. I vers 14 seier han: «Og evangeliet om Riket skal kunngjeraast over heile jorda, så alle folkeslag får vita om det, og då skal enden koma.»

Det er sikkert studiane av Jesu spådom som har inspirert Grundtvig til å gje oss denne himmelske lyskaster over Jesu Kristi rike.

Ein kveld ved TV-skjermen, etter dagens mange nyheter i radio som vert slengt ut over heile verda, skulle tvinge oss til

å stanse for Bibelens og Grundtvigs bodskap.

Aldri har vel så mange menneske vorte offer for redsel og panikk som fører til misbruk av rusgifter og bedøvingsmidler. Følgjene er ei skred av ulukkelege situasjonar. Fins det håp? Menneskja er hjelpelause og leiter etter løysingar. Det fins berre ei, Jesu Kristi rike. Men korleis? «Dets gåte er et guddomsord, som skaper hva det nevner.»

Ute i ørkenen finn vi oaser. Der veks det tre og blomar. Kva er løyndomen? — VATN! Muligheta var der med jordbotn, sol og varme, om det berre var vatn. Jesus kallar sine ord og Den Heilage Ande for «Det levande vatn.» Det er dette Gudsord som må forkynnas, og vatnas med bøner som Anden sjølv vil be gjennom oss. Rom. 8, 26 - 27.

«Med det der skapes lys om land, mens verden går i mørke.»

J. Lj.



Av alle Guds skapningar
elskar han mest dei små, —
dei audmjuke.
Dei er hans born —
for i deira sinn bur han, —
bur ljoset, bur gledja, bur freden.

So vert dei små borni hans
eit ljós i mørkret,
ei minning om Guds-riket —
for deim som inga gledje har,
og som slit med tunge bører.

M. A.

SLEKTERS GANG**Døpte****Orkland**

10.02. Geir Morten Hoston
Tor Ivar Sinnes

Orkdal.

06.01. Natalie Orlin (d. i Selbu)
20.01. Anders Fagerholt
Marit Holt
10.02. Tor Atle Ødegård

Orkanger

27.12. Jørgen Nyberg (døpt på Regi-
onssykehuset i Trondheim)
20.01. Marit Holt
20.01. Anette Stenvik
20.01. Inger Mogseth
20.01. Lynda Munkli
10.02. Håvard Olsen

**Vigde****Orkland**

12.01. Edvard Hoston og
Aud Anette Hoston

Orkdal.

04.01. Jon Isdal og
Anne-Mari Eide (Notarius
Publ. Orkdal)
12.01. Arnt Gangås og
Marie Sofie Skjenneberg
19.01. Ole Lillery og
Vigdis Øien (pr.ktr.)

Orkanger

29.12. Tor Stenvik og
Anne Kristin Opphaug
29.12. Magne Oddgeir Volden og
Marit Fritzner (Viet i Berg
kirke, Halden)
25.01. Olav Hovsbakken og
Brit Sølv Brustad (Viet hos
byfogden i Tr.heim)
31.01. Ulf Husby og
Eva Irene Husby (Viet hos
sorenskriveneren i Orkdal)

Orkland menighet**Ungdomsarbeidet**

Fredag 29. februar kl. 19.30. Ten-
kveld. Vi viser filmen fra Mjuklia.
Dessuten viser vi filmen «På flukt».
Ein svært engasjerande film der al-
dersgrensa er 12 år. Som vanleg Mi-
sjonshuset.

Fredag 14. mars kl. 19.30. Ten-kveld
med forskjellige aktivitetar.

Menighetens årsfest

Søndag 2. mars kl. 19.30 har vi den
årlege festen i menigheten. Vi får
som talar Gunnar Bonsaksen og
Svorkmo Musikkklag vil delta med song.

Eldretreff

Torsdag 6. mars kl. 11.00 på Fredly
Folkehøgskole. Heile elevflokken vil
underhalde oss. Det vert elles bevert-
ning. Buss frå Houston om Svorkmo
og Monset. Avreise frå Houston kl. 9.00.

Kulturfeld

Fredag 7. mars kl. 20.00. Vi får igjen
besøk av lektor Per Amdam. Denne
gongen med kåseri og lysbildeserie om
Falkberget. Innslag ved Sigm. Gjelsvik.

Døde**Orkdal.**

16.01. Eli Elkli f. 1903
19.01. Ole O. Digerås f. 1906
02.02. Ola A. Øyen f. 1905
07.02. Lars Kirkaune f. 1896

Orkanger

27.12. Jørgen Nyberg f. 1979
03.01. Oskar Fredrik Blåsmo f. 1902
03.01. Johannes Strand f. 1906 (død i
Meldal)
05.01. Sigrid Øien Knutzen f. 1905
07.01. Birger Leknes f. 1936
08.01. Bjørg Mælen f. 1935
22.01. Ragna Johansen f. 1902
22.01. Ole Edvard Volden f. 1907
04.02. Margit Sten f. 1908

Dessutan deltar «Litjkoret» med Falk-
bergsongar. Opplesning ved Anders P.
Kvåle.

Samarbeidskveld mellom Orkland
Menighet og Øvre Orkdal Historielag.
Møtestad: Svorkmo Samfunnshus.

Skidag for speidarane

Laurdag 8. mars drar alle speidarane
på fellestur med buss til Søvasskjølen.
Buss frå Solbu kl. 10.00 om Monset,
Svorkmo og Vormstad og vidare til
Kjølen. Ta med nistemat. Te kokar
vi på fjellet.

N.M.S.-basar

Torsdag 20. mars kl. 19.30 får vi
N.M.S. sin vårbasar på Svorkmo Mi-
sjonshus. Områdeskr. Ottar Hyldmo
kjem. Sangkrefter vert med.

Årsmøte i speidaren

Tirsdag 25. mars kl. 20.00 på Svorkmo
Misjonshus. Rapport frå gruppene.
Årsmelding og regnskap vert framlagt.
Alle speidarforeldre bør møte.

Røddelaget

Mandag 17. mars møte hos Olav
Øvervik.

Misjonsforeninga Vårliv

Mandag 3. mars.
Møte hos John Ljøkkel.
Mandag 31. mars.
Møte hos Einar Kristiansen.

Familiesamling

Søndag 9. mars kl. 16.00.
Familiesamling på Svorkmo Misjonshus
Sang ved Førskolebarna. 2 filmar. An-
dakt ved Marit Skottvoll. Bevertning
og utlodning.

I.U.F.

Onsdag 27. februar kl. 20.00. Møte hos
Styrkar Grønning.

**Kvinnenes internasjonale
bonnedag**

Fredag 7. mars kl. 11. Samling i
presteboligen, Svorkmo.

Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG
Tlf. 80 395

MENIGHETSBLAD**for Orkdal prestegjeld**

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkkel
Agnes Singstad**

Redaktør:
Kaare Rogstad

Kasserar:
Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgiromummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

Smått om mangt**Samemisjonen**

skal i år som tidlegare år, arrangere
påskeleir for aldersgruppa 11 - 14 år.
Leiran blir på:

Nerskogen kapell, Rennebu 2. - 5. mars
og i Sela — Verran 2. - 5. mars.

Leiarane på begge stader blir:
Ambjørg Kvam, Anne Stavne, Ingrid
Norum og Jon Amundal. Pris kr. 80.
søskenmoderasjon.

Elles minner samemisjonen om in-
ternatmøte på Mjuklia Ungdomssenter
Berkåk 14. - 16. mars.

Oppl. ved samemisjonen, Kongens
gt. 14, Trondheim. Sjå elles annonse.

Helgavakt

1 - 2 mars: Aasen

8. - 9. mars: Rogstad

15. - 16. mars: Slettahjell

22. - 23. mars: Rogstad

**Mine tider
er i di hand****Salme 31 v. 16.**

Somme av oss som les dette
kan tale om barndomstid, ung-
domstid, manndomstid og alder-
domstid. Vi kan tale om fortid,
og om nådetid. Når det gjeld
framtid som ein gjerne vil rekna
med, så lyt vi kome i hug at det
er uvisst om vi opplever ei fram-
tid. Vi veit berre visst det at vi
lever i dag. Det er heller ikkje
sikkert at vi lever i dag når kvel-
den kjem. Når ein legg tidene i
Guds hand, så tek Gud straks ei
sortering av tidene våre. I denne
sortering tek Gud vekk fortida. Det
er godt å få oppleve når
ein har sett med gru og otte for
fortida. Då kan ein seie til satan
når han kjem og syner oss både
eit og hitt frå fortida, at dette
har Gud tatt og kjem det ikkje
meir i hug. For det står fast at:
Dersom vi sannar syndene våre
så er han trufast og rettferdig,
så han forlet oss syndene og
reinsar oss frå all urettferd. 1.
Johs brev. 1 - 9.

Vi legg merke til at i dette ord
er tala om tider i fleirtal. Med
det er det fortalt oss at alle tider
er lagt i Guds hand. Og den uvis-
se framtid kan vi få legge i Guds
hand. Og det er godt for fleire
av oss har opplevd at vi ottast

Prostidagen 1980

Orkdal prosti har bestemt at «pro-
stiets kyrkjedag» 1980 skal høgtidas
i Lensvik 28. september. Biskop Kris-
ten Kyrre Bremer blir festtalar. Vi
vonar at prostiets organisasjoner mer-
ker seg dagen — så kjedelege kolli-
sjonar kan unngås.

Fastetid og fastebøsser

Om du vil la fastetida få eit meings-
fylt innhald, slik det sørmer seg kristne
— så kan du ved sida av å fylgja
Jesus på vegen til Jerusalem gjennom
å lesa i den heilage boka — også setta
ei fastebøsse på ditt bord. I alle fire
kyrkjer i prestegjeldet er fastebøsser
lagt ut i våpenhuset. Ta ei med deg
heim du også —

for ei ukjend framtid. Dette veit
Gud. Difor seier han til oss det
vil las i Matt 6 v. 34.

Vi skal ikkje vere opptekne
med morgondagen. Det er dagen
i dag vi skal late ha nok med si
møde. Så vil du og eg gjere som
føre sagt i Salme 69 v. 14.

Men eg kjem med mi bøn til
deg. Herre i nådetidi. Den som i
nådetidi kjem til Gud og legg si-
ne tider i hans hand, slepp ottast
for tid som var, er og kjem.

L. B. Aasen

I Børsa

er det frå 1.1. 1980 oppretta halv stil-
ling for menighetsarbeidar. Kyrkje-
lydane i Børsa - Buvik og Skaun gle-
der seg, og vi i Orkdal vil også vera
med å dela gleden.

Det er nok

Det er nok, det som Jesus gjorde.
Det er nok, det som han har sagt.
Han har sona di synd, den store,
og deg vunne så rein ei drakt.

Det er nok, det som Jesus gjorde,
om av syndarar størst du er.
Du er beden til bryllaupsbordet
også du, til din Frelsar kjær.

Det er nok, det som Jesus gjorde.
Det i livet og døden gjeld.
Me vil byggja på nådeordet.

Det er berggrunn som evig held.
Nei, du treng ikkje lenger tvila,
for hans nåde er nok åt deg.

På eit fullført verk får du kvila,
og so ferdast med fryd din veg.

Om korleis denne songen vart til
fortel Trygve Bjerkheim i boka «Det
er makt i de foldede hender» (Lunde):

«I stova til Øivind Andersen, som då
var styrar på Fjellhaug skoler i Oslo,
var det den 13. februar 1959 nokre ve-
ner samla til eit lite farvel-lag for
Arne Grønning, som no skulle reisa ut
att til Japan som misjonær. Mellom
gjestene var Torgeir Fjærtoft frå Jon-
dal i Hardanger, høgt oppe under
Folgefonna. --- Ein kan gjerne kalla
Torgeif Fjærtoft ein «Golgata-kristen».
«På Golgata er det godt å bu», sa han.
Og Jesus Kristus og hans soningsverk
er sentrum i hans liv. Og no sat eg ved
sida av han i stova til Øivind og As-
trid Andersen på Fjellhaug. Fleire bar
fram helsing og gode ynskje til misjo-
næren. Også Torgeir reiser seg opp og
ber fram ei helsing. Mellom anna seier
han: «Det er nok, det som Jesus
gjorde». Det sokk i mitt sinn. Ein
penn og noko til å skriva på kom
fram. ---

Dagen etter vart songen reinskrevet,
og sendt til Arne Aano. Han sette tone
til den med det same, og song han
same kvelden på eit vekkingsmøte».

Og Aano har sjølv skrive: «No lyder
denne songen på vegane og kring i
heimane. Ja, du verden kor mang ei
sjel det er som har sett inn i den fre-
sande nåde gjennom denne songen».

*Fra «menighetsblad for Børsa -
Buvik og Skaun» nr. 1 - 80.*

Orkdal menighet

Teenkvelder

Det blir tenkvelder på Megården bedehus torsdag den 6.3 kl. 18.00, onsdag den 19.3. kl. 18.00.

Vi vil også innby 7. og 9. klassingene til kveldene.

Bibeltimer

20.3. på Megården bedehus kl. 20.00 v. Gunnar Bonsaksen. Emnet er hentet fra det gamle testamentet.

27.3. på Gjølme bedehus kl. 20.00 v. Audun Slettahjell. Emne: Det ondes problem og den frie viljen.

Eldres kirkedag

Det blir eldres kirkedag i Orkdal kirke søndag den 2.3. kl. 11.00 med vanlig gudstjeneste først og kirkekaffe på Megården bedehus umiddelbart etterpå. Her blir det forskjellig program som blir bekjentgjort senere.

Menighetens årsfest

Menighetens årsfest blir i år på Misjonshuset på Fannrem 9. mars kl. 19.00. Det blir sang, musikk og andakt. Bevertning. Se annonse senere.

Korallkveld

Fredag den 14.3. kl. 20.00 blir det korallkveld i kirka. Det blir mye sang og musikk. Det blir også med et kor.

Gospelkveld

Fredag den 21.3 kl. 20.00 blir det gospelkveld med Lensvik gospelkor på besøk. Buss fra Orkland og Orkanger.

Orkanger menighet

Ungdomsarbeidet

6.3. kl. 19: Tenkveld i bedehuset. Besøk av Orkdal Kristelige Skolelag. 20.3. kl. 19: Åpent hus i bedehuset. 21.3. kl. 20: Gospelgudstjeneste for ungdom fra hele prestegjeldet i Orkdal kirke. Buss fra Orkanger.

Eldretreff

i Askeladden fredag 14.3. kl. 17.00. Fru Lyngstad spiller og leser. Andakt ved Arnt Gangås.

Menighetens årsfest

blir i år den 9. mars kl. 18.00 på bedehuset. Vi får besøk av soknepresten i Agdenes, Frode Kristiansen.

Sang av menighetens egne krefter.

Santalmisjonens basar

holdes i Orkanger bedehus den 11. mars kl. 19.00. Sang av Svorkmo Musikklag.

Orkanger Indremisjon

13. mars kl. 20.00:

Bibeltime i presteboligen. Audun Slettahjell har temaet: «Det ondes problem og den frie viljen».

25. - 29. mars:

Møteserie i Orkanger kirke ved emissær Bernt Sveås. Møte hver kveld kl. 20.00 unntatt lørdag. Søndag 29. mars avsluttes møteserien med kveldsgudstjeneste ved kallskap. Slettahjell og Sveås. Kirkekaffe på bedehuset.

Geitastrand menighet

Barnemøter

på Ofstad bedehus:
7. mars kl. 16.30.
11. april kl. 16.30.

Barnetreff

i Kjørmo grändahus:
28. mars kl. 17.00.
18. april kl. 17.00.

Tentreff

på Ofstad bedehus 5. mars kl. 18.00.
på Gjølme bedehus 23. april kl. 18.00.

Kjære foreldre

Hjelp deres og naboenes barn i veg på menighetens tilbud, og la oss hjelpe hverandre med å skape et godt miljø for de unge i alvor og moro.

Eldres kirkedag

i Geitastrand kirke 20. april kl. 11. Kirkekaffe på bedehuset etterpå.

Trelast og bygningsartikler på lager.

Gunstige priser

**Orkdal
Sag & Høvleri**

Tlf. 82265

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Besøksteneste

til eldre

Det blir mer og mer vanlig rundt omkring i menighetene med en organisert besøksteneste til eldre. Også her i vårt prestegjeld har vi begynt med dette. Her i Orkdal har det fungert slik at når en av menighetens eldre fyller rundt år kommer en av menighetens medlemmer på besøk og har med seg en liten gave eller en blomsterbukett som en hilsen fra menigheten. De eldre har satt stor pris på dette lille håndtrykket. Det har gitt dem følelsen av ikke bare å bo i menigheten, men virkelig å høre til der.

Også i Orkanger menighet vil vi prøve å få organisert en slik besøksteneste. Menighetsrådet har fattet vedtak om at pengene som kommer inn på minnefondet skal brukes til å finansiere dette. På den måten kan alle som vil, være med på å gi en hilsen til menighetens eldre.

Det er kanskje nødvendig med noen få ord om hvordan et minnefond fungerer: Istedet for å bringe blomster til en båre, kan en kjøpe en blankett i minnefondet. Denne blanketten blir gitt som en hilsen til de pårørende på begravelsesdagen. Pengene som en betaler for den går altså inn i minnefondet. På Orkanger får en kjøpe blanketter hos Harald Hukelås og i bankene. Vi oppfordrer til å bruke dem.

Og så håper vi på at mange vil være med å banke på de eldres dør for å gi dem en hilsen.

Audun Berg Slettahjell

Takk for oppmerksomhet

Det er mange etterkvarter som spør om å få takk til respektive soknepåord for oppmerksomhet dei har blitt til del — ved runde åremålsdagar fra 70 år og oppover. Diverre, trur eg ikkje vi kan ta inn slik takk i menighetsbladet — da det ville fylle mykje av ei side i kvart nr. Men det går så godt å målbære takken beinveges.

K.R.

Kjedelig i kirken?

«Har du hørt alle de menneskene som sier at det er kjedelig i kirken? Det har jeg. Har nærmest sett det som en oppgave. Alt er trist og grått og gammeldags og stift og tregt og seigt og kjedelig.

Omsider har jeg oppfunnet et littelite motspørsmål: Når var De i kirken sist? Den er ikke dum. Den burde flere prøve. Samtalen går da momentant over i en flause-fase. Øh. Uhum. La meg se....». Det er ofte to julaftner siden sist.

Det er ikke kjedelig i kirken! I våre kirker kan vi som går der, glede oss over vakre kirker, mange mennesker, kvikk liturgi. Det er lys og glede og spontanitet over kirkelivet for tiden.

Så langt om utsiden. Inni gudstjenesten går Jesus fortsatt gjennom lukkede dører, inn i lukkede liv. Han er lys og glede. Han skaper en ny ånd hvor han kommer. Han åpner mellom mennesker og Gud.

Det er ikke kjedelig i kirken. Men mye i meg trives ikke i Jesu nærhet. Selvpøttatthet, misundelse, oppriktighet og velbegrunnet hat, utakkneplighet. Disse krefter i mennesket slår ut med begge armer i Jesu nærhet fordi det for dem er fare på ferde.

For slike mennesker er kirkegang et spørsmål om mot!»

Karsten Isachsen

2

Per Asphjell

held fram med å fortelje frå krigstida — da han var fange hjå tyskarane. I julenumret fekk vi høyra at han var varetektsfange først på Volland og seinare på Dombås — medan han venta på dom.

«Ein dag i midten av januar 1944 vart retten sett. Det var ein høgtidssam og dyster seremoni. Midt for det lange bordet sat domaren, og tilslidet for han dei andre rettslærde. Alle ålvorsame og strenge menn kledd i svart. Med det store hakekorset og ørna oppe på veggen over dei tykte eg det var eit nifst syn.

Her fekk me sjå att Henze, rømlingen, som var årsak til heile oppstyret. I første omgang var han vitne mot oss. Me vart eksaminert og avhørt grundig og inngående. Det syntet seg at guten, medan han sat på festningen, hadde vorte pressa til å skriva ei beretning om alt som hadde hendt, frå han rømde i Kristiansund, til han vart teken på austsida av Gauldalsfjord. Det nyttet ikkje for nokon av oss å koma undan skuld. Me vart klaga for «Beihilfe zur Fahnenflucht» (medhjelp til faneflukt) alle saman. Ikkje alle hadde forbrote seg like mykje. Vel halvparten av flokken vart frikjent. To fekk ni månaders fengsel, to fekk tolv og ein fekk femten månader.

Det var, som me veit, to sortar fangar. Det var politiske fangar og det var justisfangar. Me hørte til kategorien justisfangar, og vart sett i klasse med tjavar og kjettringar. Slike som hadde stolte frå tyske lager o.l. Det syntet som dei heldt meg for ei grann farlegare enn dei andre, så det grensa kanskje inn på det politiske.

Eg kan ikkje fri meg for ei kjensle av at dei for urettvist fram mot meg, når dei på ein måte sette meg i klasse for seg. Det var ein ting til som forsterka denne kjensla. Under rettsforhandlingane var det tolk tilstades, for dei fleste forsto ein god del tysk og som vart spurt gjennom tolken, fekk da ein tenkepause, som var god å ha. Da eg vart forhørt, brukta ikkje domaren tolken. Eg klagar på det og bad om å bli spurt på same måte som dei andre. På ein tverr og brysk måte avslo han dette. Sidan dette var ei ulempe for meg, tek eg det som eit teikn på uvilje frå retten si side. Etter at saka vår var ført tilstades, møtte me som vitne mot rømlingen.

SONINGA TEK TIL

Etter at domen var sagt, fekk dei som var frikjent reise heim. Dei var sjølvsgåt glade, men tykte nok hjarteleg synd i oss som måtte vera att. Det var tungsamt, men no visste me da i alle fall kva me hadde å rekna med. Dersom ikkje krigen snart tok slutt, måtte me bu oss på å sone tida ut. Eg lyt vedgå at eg var noko nedstamt dei første dagane. Meir enn eit heilt år skulle eg vera i klorne på denne banden. Røva for fridomen og dømt til å leva langt borte frå dei eg helst ville vera saman med. Kvar ville det bera hen med meg? No kunne dei herje og herske med meg som dei ville. I sanning: No var det «andre som

Misjonshøgskolen får eksamensrett

Misjonshøgskolen i Stavanger som eies av Det Norske Misjonsselskap, har i statsråd fått godkjent sin eksamen som universitetseksamen, og kandidatane fra skolen kan bruke titelen cand.theol. Godkjenninng er gitt for 5 år og skal gjelde fra 1. januar 1980. Med dette er Misjonshøgskolen som utdanningsinstitusjon stilt på lik linje med Menighetsfakultetet og Universitetets teologiske fakultet i Oslo.

Utflytta Orkdalingar

Eg er noko vonbroten over utflytta Orkdalingar, m.h. til tinging av bokverket «GARDTALES I ORKDAL» som med det første går i prentemaskina, medan folk i bygda jamt over tingar bökene. Ein skulle vente at dei sam har flytta ut skulle vera dei første til å sikre seg dette bokverket. Me som har drive «Markarbeidet» med desse bökene har vel nokre tusen timars gratisarbeid med tiltaket, og me ville såleis finne stor hugnad i at utflytta Orkdalingar ville sikre seg desse til gammelpris. Som lysinga i bladet viser, går prisen opp frå 1. apr. til kr. 200,—. Men til da koster verket /bökene kr. 150,—.

Orkdal 22. jan. 1980.

Knut Liøkelsøy, form.

batt opp om meg og førte meg dit eg ikkje ville». (Joh. 21, 18) Alt fekk stå i Herrens hand.

Cellekameraten min, Erik, var ein av dei som fekk reise heim. Eg sakna han. Som ny kamerat fekk eg ein kar frå Isfjorden. Kringom Åndalsnes hadde det vore ei opprensning av eit eller anna slag først på nyåret. Det kom fleire fangar til Dombås etter det. Den kjente fjellklatraren Randers Heen var og millom dei. Han eg kom på celle saman med, var ein lugum kar, og me kom til & gå godt i lag. Det er alltid moro å bli kjent med nye menneske, og når ein blir innestengt i lag og har berre snaue veggane rundt seg, blir ein ekstra godt kjent. At ein trivs i lag, har alt å seia i slike høve.»

Framhald.

Nokre minner frå dei siste levedagane hennar Oline Gjønnes

Fekk høre at Oline Gjønnes var flytta frå Orkdal Andersheim til Orkdal Sjukehus, og det vart sagt at det kanskje ikkje var så bra med henne. Berre ho ikkje snart tok ut på siste reis. Ho kunne ikkje få meire blod — det som hadde halde ho oppe så lenge.

Eg for nedover til sjukehuset ein dag. Hadde med meg ein vakker blome som ho strauk over med handa og sa: «Gi meg en blomst mens eg lever». Oline var blind. Ho var svak, men var ellers den gode gamle Oline eg kjende frå før.

Er diktat dine oppskrivne og samla, spurde eg. Nei, det er dei ikkje. Da lyt me ta til med det. Ja, etter at eg er død, kan det kanskje bli gjort litt krus av det eg har gjort.

Me tok til med ein gong. Ho les, og eg skreiv. Det vart to dikt første dagen. Ho greidde ikkje fleire. Ho kom bort for meg. Det hjelpte ikkje om eg rista i handa heller. No vart det fleire dagar på rad hos Oline. Sume dagar greidde ho svært lite. Ein dag vart det retteleg festdag. Da vart det ikkje skrive noko. Reidun Prestmo Skjerset, bestevenninna hennar var kome. Dei hadde same lagnad — blind. Oline kvikna til. Reidun song og las som berre hu kunne gjera. Ho song Fr. Schuberts «Ave Maria» på tysk, og las millom anna «De hundre fioliner» av Øverland. Oline ville at eg skulle lesa noko av det eg sjølv hadde skrive. Eg gjorde det. Oline låg med tårar i augo slik som ho alltid hadde når ho hørde noko fint. Det vart avtale at me skulle få til fleire slike stunder. Men Reidun tok likevel ein fin avskjed med Oline før ho for. Ho bøygde seg over Oline og sa: «Takk Oline for alt me har gledd oss saman. Takk for alt me har grete saman — også strauk ho Oline varsamt.

No vart det fleire dagar med skriving og prat. Men så ein dag var det slutt. No har eg ikkje meire eg vil sleppe ut. Eg har halde på og brent så der ikkje skulle finnes så mykje rart etter meg. Eg fekk likevel nokre stubbar når eg lova å ha dei berre for meg sjølv.

«No er eg snart ferdig eg. Men ein gruer seg for å gå inn i det ukjente. Ein veit ikkje kva ein møter. Oline hadde heile tida hatt slikt eit fast tak

i Faderhanda, og det største med himmelen hadde vorte for ho at da skulle ho få sjå, og bli lik alle dei andre. Er det ikkje noko liv etter dette då er alt meiningslaust. Eg har så gjerne villa haurt «våren» den dagen eg fer siste ferda, for da går livet vidare. Vil ikkje ha «Åses død» for da er det slutt med alt. Men no har eg lese så mykje åt deg så no lyt du lesa noko retteleg vakkert åt meg.

Eg les: «Det stig av hav eit alverland». Da eg les siste verset: «Eg lengta tidt på trøyte veg der ut til fred. Men landet først kan syna seg når sol gjeng ned.» Da rann tårane nedover kinna på Oline. Ho var borte og ansa ikkje at eg rista handa hennar til farvel.

Nokre dagar seinare flaug det ein fugl over granehei og song tireli-tireli tove langt, langt utover alle skove. Den var så glad så glad. Den hadde fått synet att. Vidsyn - høgsyn - langsyn hadde den frå før. Draumen var oppfylt. Men «Nattergalen» Oline Gjønnes var ikkje lenger millom oss. Men i diktat sine lever ho framleis millom oss.

No er nokre av diktat hennar komme ut i eit hefte, og kan bli kvar manns eige. Det skal me vera glade for. Hallvard Mørken har sett tonar og harmonisert fleire av dei på ein framifrå måte. Takk for det Hallvard.

Men kva har me ikkje å lære av livet hennar Oline? Blind — og så alt det andre ho hadde å dragast med, og likevel så positivt innstilt til livet. Ho sette beint fram mot i alle ho kom ilag med. Ho har gjort skam på oss alle. Lat oss ikkje gløyme å takke Gud for alt han gav oss gjennom livet hennar Oline. Og lat oss ta godt vare på minnekranse. Eit fagert minne er og ein skatt.

Anders P. Kvaale

**SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE**
postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Innh. Oddny Blomli
Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Joh. Gjønnes

Mek. Verksted - Jernindustri A/S

Produksjon av maskiner
og redskap for
landbruket.

Helårs- trim



a. Todals
Eftf.

Tlf. 80 278
Orkanger.

«Dårlig vitenskap å forkaste Gud»

ALBERT EINSTEIN

Jeg tror tvert om på en personlig Gud, og jeg kan med god samvittighet si at jeg aldri et eneste minutt i mitt liv har hyllet en ateistisk livsanskuelse.

Alt som ganske ung student forkastet jeg 80-årenes vitenskapelige innstilling, og jeg finner så vel Darwins som Haeckels og Huxleys ubehjelplig foreldet. Man må vite at utviklingen går frem, ikke bare på det tekniske område, men også på det vitenskaplige, ikke minst på det naturvitenskaplige. Og om de fleste representantene for denne sanne vitenskap kan det sies at de er enige om at vitenskap ikke er noen fiende av religionen. Men naturligvis fins det fremdeles en del doktrinære vitenskapsmenn som står og stamper på samme magiske punkt som omkring 1880!

For mitt vedkommende er jeg overbevist om at uten religion ville menneskeheden nå befinne seg på bastardstadiet. Alt samfunnsliv ville da være av det mest primitive slag, sikkerheten for liv og lemmer ville være meget mindre enn den er, og alles krig mot alle, som ennå rår blant menneskene, ville, jeg er overbevist om det, føres under langt mer brutale former.

Religionen har vært selve drivkraften til menneskenes fremdrift.

SØLVVARER

til
**BARNEDAP BRYLLUP
KONFIRMASJON**
Gullsmed

*John
Røhme*
7300 Orkanger

SAMEMISJONEN
arr. internatmøte 14 - 16 mars
på Mjuklia.

Prisar frå kr. 110. til kr. 195.
Opplysningar hjå samemisjonen
tlf. 075 30 270.

Telefonliste

Soknepresten i Orkdal 82142
Res.kap. i Orkdal 84188
Kalls.kap. i Orkdal 80589
Erling Hoff, organist 80472
Jakobsen, organist 84267
Sjømeling, organist 82322
Indergård, klokker 84533
Kjøren, klokker 83453
Engen, klokker 82435
Fandrem, kirketener 82476
Stokke, kirketener 80564
Sandstad, kirketener 84158

GARDTALES I ORKDAL

Det er meiningsa at bokverket skal verta ferdig med det første. På møte i arbeidsnemnda, saman med ordførar og kontorsjef i Orkdal kommune, vart det vedteke at prisen på bokverket skal settast til kr. 200,— frå 1. april.

Til denne dato får dei som tingar bökene dei til gamalprisen kr. 150. Utanbygds vender seg til formannen i arbeidsnemnda, adr. Sverkmo, eller telefon 074 84153.

For arbeidsnemnda
Knut Liøkelsøy.

VELKOMEN TIL KYRKJA

2.3. 2. s. i faste

Orkdal k. kl. 11

Høgmesse v. res. kap. Aasen. «Eldres kyrkjedag». Kyrkjekaffe. Nattverd.
Offer til menighetsarbeidet.

Moe k. kl. 11

Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell.
Offer til misjon bak jernstasjonen.

7.3.

Orkanger k. kl. 18

Gudsteneste v. Bertel Aasen
«Kvinnenes internasjonale bønnedag».

9.3. 3. s. i faste.

Orkanger k. kl. 11

Familegudst. v. kalls.kap. Slettahjell.
Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

Geitastrand k. kl. 11.

Høgmesse v. res. kap. Aasen. Nattverd.
Offer til menighetsfakultetet. Buss fra Husdalen.

Moe k. kl. 11

Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd.
Offer til Israelsmisjonen.

16.3. 4. s. i faste.

Monset grendstuggu kl. 11.
Gudstj. møte v. kalls. kap. Slettahjell.



Orkdal k. kl. 11.

Barnegudst. v. spr. Olsen. Offer til Trøndelag sondagsskolekrets.

23.3. Maria Bodskapsdag.

Orkdal k. kl. 11

Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Indre sjømannsmisjon.

Moe k. kl. 11.

Høgmesse v. res. kap. Aasen. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Orkanger k. kl. 19.

Kveldsmesse v. spr. Olsen. Nattverd.

Gåver til bladet

7300 Orkanger:

Asta Mathisen 15. Storleer 25. Inger og S. Sandgrind 50. Sigrid Opøien 30. L. Sommervold 20. Jenny og Torstein Prestmo 20. Berit Semb 20. A. og S. Holden 20. Arne K. Togstad 25. Ragnar Strand 20. Alfred Christensen 20. Anne Bye 20. Marie Kurås Rønning 15. Anne Schei 15. Magna Ofstad 20. G. Kvemo 20. Johan Snildal 20. Olga Forve 30. Ingeborg Rømme 20. Margot Dragseth 20. Ragnvald sen. og Bjørn Lund 40.

7310 Gjølme:

Dortea Andersen 25.

7320 Fannrem:

Erika Wormdahl 25. S. J. Røhme 25. Klara og Erik Solhus 50. Borghild og Harald Kvåle 20. M. Grut 50. Steinar Kvidal 25. Oline Otervik 20. Geir Bergem 25. Asbjørg Kårmo 20. Andr. Ekli 20. Liv Nyborg 30. Anders Fuglås 30. Inger Marit og Ivar K. Gangås 25. Aslaug Skaugen 25. Aasta Skaugen 25. Anne Nilsen 25. Johanna Gangås 20. Roald Pettersen 20. Marta Langås 20. H. Gjengstø 20. Bent Hoston 20. Birger Barø 15. G. N. Almli 50. Berit Metlid 20. Leif M. Dørdal 25. Dagrun og Jostein Øyasæter 25. Laura Blimli 25. H. og J. Sølberg 30. Alf Asphjell 20. Johan Arthur Johansen 20. Barbro Rønning 30. Bent Bentsen 35. Gustav Kjønli 50. Herbert Hansen 20.

7330 Svorkmo:

K. og O. Øvervik 25. Klara Aamot 25. John K. Fagerli 25. Oddveig og Lars Monseth 10. Johanna Digerås 20. Arne O. Bergem 20. R. og B. Sandstad 20. Hanna Kvernvik 20. R. og Ole Svorkdal 30.

7334 Houston:

M. og J. Vangen 50. Johan Rye 20. John L. Øyasæter 20.

7374 Geitastrand:

T. og A. Husdal 30. Enok Isdal 20. Randi Langvik 50.

Utenbygds:

7000 Trondheim:

Olav Kvikne, Gløshaugvn. 3 B, 20. Kristine Liøkelsøy, Olav Kyrres gate 20. Dorthea Harrang, Østre Ila 1 a, 15.

Andre postnummer:

Egil Fløtum, 7450 Soknedal, 20. John Stokkan, Orelia 23, 1555 Son, 20. A. og E. Bakken, 6345 Lesjaskog, 30. G. Eidnes, 5774 Lofthus, 25. Dorthea Rye, 7390 Meldal, 25. Geir Sundseth, 7353 Børsa, 20. Anne J. Lommundal, 7383 Rindalsskogen, 20. Ragnhild Rygg, 3070 Sande i Vestfold, 30. Ildri Løseth, Trongbakken, 7340 Løkken Verk, 20. Ingvar Rognum, Borgveien 15, 1310 Blommenholm, 20. M. og J. Opøien, 7340 Løkken Verk, 20. Ingvar Lund, 7354 Viggja, 20. Ida og Hans Skottvold, 7084 Melhus, 20.

I alt er det i januar kome inn kr. 2145,— som gåver (bladpengar) til bladet. Hjarteleg takk!

Menighetsbladet vårt

gjekk økonomisk därlegare i 1979 enn året før. Det vil gå fram av denne oversikten:

	1978	1979
Bladpengar	44418	41967
annonser	5650	5924
	50068	47891

Som alle vil skyna, så vil sidetalet gjennom eit år vera proposjonalt med økonomien. Vi minner difor etternølarar om å hugse bladpengane. Vi har og ei lita bøn. Om det ikkje er naudsynt av namnlitkskap — så bruk ikkje begge ektefellars namn på innbetalingsstalonget. Det tar så stor ein plass i kvitteringsrubrikkane. Gjeld det likestilling får ein heller skrive kona ogmannens namn annakvart år —.

K. R.

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Harald Metliås, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-hild Asphjell, Dagny Korsli, Harald Hukkelås. Bankane. Alf-hild Engen.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren